

Rettleiing til årleg rapportering etter sikkerhetsstyringsforskriften § 8-1 anna ledd (retteiing om årleg sikkerhetsrapport)

Utgivingsdato: 06.04.2016

Dette er ei rettleiing til sikkerhetsstyringsforskriften¹ § 8-1 anna ledd om årleg sikkerhetsrapport om det føregåande kalenderåret.

Sikkerhetsstyringsforskriften gjeld for jarnbaneverksemder på det nasjonale jarnbanenetet. Det blir vist i tillegg til felles sikkerhetsmetode for risikoevalueringar (CSM RA)² artikkel 18 punkt 1 og CSM Monitoring³.

Krav til årleg rapportering etter sikkerhetsstyringsforskriften § 8-1 anna ledd

Det følgjer av sikkerhetsstyringsforskriften § 8-1 anna ledd at den som driv jarnbaneverksemd skal utarbeide årleg sikkerhetsrapport som skal sendast tilsynet innan 30. juni kvart år.

Formål og verkeområde

Formålet med denne rettleiinga er å nemne kva som skal rapporterast til Statens jernbanetilsyn i samanheng med den årlege sikkerhetsrapporten.

Rettleiinga omfattar ikkje:

- Kontinuerleg varsling og rapportering i samband med enkelt ulukker eller hendingar etter varslings- og rapporteringsforskriftaeller
- Rapportering til andre styresmakter som for eksempel Arbeidstilsynet, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap osv.

¹ Forskrift om sikkerhetsstyring for jernbaneverksomheter på det nasjonale jernbanenetet av 11. april 2011 nr. 389

² Forskrift om en felles sikkerhetsmetode for risikoevaluering og –vurdering som implementerer (forordning (EU) nr. 402/2013) som gjelder med de endringer som følger av gjennomføringsforordning (EU) 2015/1136 (Felles sikkerhetsmetode for risikoevalueringer (CSM RA)) av 27. oktober 2014 nr. 1344

³ Forskrift om gjennomføring av felles sikkerhetsmetode for overvåking som skal anvendes av jernbaneforetak, infrastrukturforvaltere og enheter med ansvar for vedlikehold (overvåkingsforskriften) av 2. juli 2013 nr. 853

Årleg sikkerhetsrapport om føregåande kalenderår etter sikkerhetsstyringsforskriftens § 8-1 anna ledd

Kvart år skal det utarbeidast ein sikkerhetsrapport som inneheld ei framstilling av sikkerhetsarbeidet til jarnbaneverksemda det føregåande året. På dei neste sidene følgjer eit eksempel på kva sikkerhetsrapporten minimum blir forventa å innehalde.

Nærmare om innhaldet i sikkerheitsrapporten

I sikkerhetsstyringsforskriften § 4-8 blir det stilt krav til at leiinga skal halde ein gjennomgang av sikkerhetsstyringssystemet for å sikre at det er formålstenleg. Ei framstilling av leiinga sin gjennomgang vil vere dekkjande for å svare krava i sikkerhetsstyringsforskriften § 8-1 anna ledd bokstav a, c. og d.

Det blir gjort oppmerksom på at for verksemdar som berre har sikkerheits sertifikat del B i Noreg, skal sikkerheitsrapporten berre omhandle den norske delen av verksemda.

Sikkerhetsrapport 201x

for

[Namnet til verksemda]

Utarbeidd av: <UKJENT:xx>

Godkjend av: <UKJEND:xx>

Dato: <UKJEND:xx>

1 Sikkerhetsmål og resultata av sikkerhetsplanane

Følgjande opplysningar forventar tilsynet at det som eit minimum blir rapportert om (det er mogleg å vise til leiinga i verksemda sin gjennomgang):

- 1.1 Ei framstilling av verksemda sine sikkerhetsmål (som er relevant for den norske delen av verksemda)
- 1.2 Ei framstilling av verksemda si oppnåelse av ovannemnde sikkerhetsmål
- 1.3 Ei framstilling av kva effekt sikkerhetsplanane/handlingsplanane har hatt
- 1.4 Ei framstilling av kva omfang evaluering av måla har ytt til endring av mål eller fastsetjing av nye mål.

Det blir også vist til rettleiing om målstyring som ligg på tilsynet si heimeside. For verksemdar som berre har sikkerheitssertifikat del B i Noreg, skal sikkerhetsrapporten omhandle den norske delen av verksemda.

2. Sikkerhetsindikatorar

Dersom det er oppdaga feil eller det er gjort omklassifiseringar av det som er innrapportert per 31. januar, vær vennleg å kontakta tilsynet eller list opp endringar i dette avsnittet.

Noreg har ikkje utarbeidd nasjonale sikkerhetsindikatorar, og det er derfor berre dei felles sikkerhetsindikatorane (CSI) som skal rapporterast.

3. Resultata av interne revisjonar og revisjonar av leverandørar

Følgjande opplysningar forventar tilsynet at det som eit minimum blir rapportert om:

- 3.1 Ei oversikt over revisjonstema som er relevant for tryggleiken (gjeld den norske delen)
- 3.2 Ei oversikt over relevante avvik frå ovannemnde revisjonar
- 3.3 Kva tiltak/forbetringsområder er implementert og frist for gjennomføring av desse

For dei som har berre sikkerheitssertifikat del B i Noreg, gjeld det for den norske delen av verksemda.

4. Merknader om manglar og funksjonssvikt ved verksemda

Framstill kort eventuelle manglar og funksjonssvikt i verksemda i Noreg. Med manglar og funksjonssvikt meinerst forhold som er relatert til organisering, tekniske forhold mv. som har tyding for tryggleiken ved drifta i Noreg.

5. Erfaringar med bruken av CSM Monitoring

Framstill kort kva tiltak verksemda har sett i verk i samanheng med implementeringa av EU Forordning 1078/2012 om ein felles sikkerheitsmetode for overvaking (CSM Monitoring), f.eks.:

- Har verksemda etablert nye målingar eller evalueringar
- Har verksemda etablert nye prosedyrar
- Kva resultat er oppnådde
- Anna av relevans

Lista er ikkje uttømmmande.

6. Erfaringar med bruken av CSM RA

6.1 Framstill kort kva tiltak verksemda har gjort i samanheng med bruk av EU Forordning 402/2013 som endra ved 2015/1136 om ein felles sikkerheitsmetode for risikoevaluering og -vurdering (CSM RA), f.eks.:

- Kva signifikansvurderingar er gjorde i verksemda
- Er det gjort tekniske eller organisatoriske endringar
- Er endringar gjorde hos leverandørar

Lista er ikkje uttømmmande.

6.2 Framstill kort kva revisjonar som er utførde for å følgje opp risikohandteringsprosessen.

7. Vedlegg

Opplisting av vedlegg: